

God start på langrennssesongen.

29.12.2014



Flotte forhold i nydeleg ver.

Langrennssesongen har fått ein flott start med gode treningsstilhøve i skianlegget i Fjellhaugen. Det har vore flittig brukt av dei ivrige løparane i skigruppa. At grunnlaget er bra, viste og den flotte innsatsen til løparande som deltok i renna på Korlevoll og i Røldal i romjula.



Viljar og Jostein gjorde ein flott innsats i det sterke selskapet.

Uskedal idrettslag hadde deltakarar både i Jularennet på Korlevoll ved Seljestad 2. juledag(3) og i Røldalrennet dagen etter (10). I tillegg var skigruppa godt representert med foreldre og ein bestefar som viktig støttetropp. Innsatsen var flott i begge renna som samla ei imponerande sterk deltaking. På resultatlistene finn vi deltakarar frå heile Hordaland og Rogaland, frå Telemark og Agder, ja, til og med fleire frå Lillehammer skiklubb. På listene var kjende namn som m.a. Gaute Kvåle(VM-løpar i junior), Audun Laugaland(internasjonal langløpar), Hilde Fenne(landslagsløpar i skiskyting) og Ragnhild Femsteinvik (landslagsløpar i skiskyting jr.). Det fortel sitt om nivået at berre Kvåle klarte å vinna sin klasse. For dei som føl med på nasjonalt langrenn fortel det også ikkje lite om nivået at ein så god løpar som Torjus Børshheim frå Lillehammer skiklubb vart nr. 8 i seniorklassen i Røldalsrennet.



Klar til innsats.

I dette sterke selskapet gjorde Uskedalsløparane ein flott innsats. Dei viste at dei er i god rute til renna som kjem seinare i sesongen. Plasseringsmessig gjorde Silje Soldal(nr.3 i J12) og Kari Bråtun (nr.2 i K19/20) det best i Røldalsrennet.



4 lovande langrennsløparar: Johannes, Kari, Veslemøy og Solveig.

Desse uskedelingane deltok:

Røldalsrennet: Torbjørn Haugland(G11), Emma Myklebust Ripel(J11), Jostein Soldal(G12), Silje Soldal(J12), Viljar Simonnes Tveit(G13), Veslemøy Haugland (J15), Solveig Haugland(J16), Kari Bråtun (K19/20), Johannes Haugland(M17) og Oddmund Soldal(Msenior)

Jularennet: Torbjørn Haugland(G11), Veslemøy Haugland(J15) og Johannes Haugland(M17).



Oddmund Soldal held verkeleg koken! Midt på treet og beste kvinnhering i den sterke seniorklassen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripei(alle frå Røldalsrennet.)